

Høyanger, 21.02.2007

Nærings- og handelsdepartementet
P.b. 8014 Dep.
0030 OSLO

Manglande konsekvensutgreiing bør medføre veto mot EUs tenestedirektiv!

EUs omstridde tenestedirektiv vart ferdig handsama av EU kort tid før jul, og deretter oversendt til Noreg for handsaming etter EØS-avtalen. Norske styresmakter har inntil tre år på seg til å implementere avtalen i norsk lov- og regelverk, eller å nytte reservasjonsretten i EØS-avtalen. Det bør vere god tid til å vurdere alle sider ved dette kompliserte og uklare direktivet, som allereie har møtt omfattande motstand mellom anna i fagrørsla, i AUF, Attac og fleire. Sist ute var Handel og Kontor som 31.1.07 vedtok å krevje norsk veto mot direktivet.

Likevel tok Nærings- og handelsminister Dag Terje Andersen det overraskande grepet å sende direktivet ut på ordinær høyring allereie 22.12.06, og då med berre ni vekers høyringsfrist!

I tillegg til dette sender ministeren høyringsbrevet utan å ta seg bryet med å foreta ein nøye gjennomgang av den endelege utgåva av direktivet, og utan å vise til kva lov- og regelverk i Noreg som vil bli påverka av direktivet. Dette overlet han til høyringsinstansane å gjere greie for.

På denne bakgrunnen krev vi at det vert sett i verk ein grundig og open prosess, der konsekvensane av direktivet vert nøye utgreidd, og der ein gjennomfører nye høyringar og ein offentlig debatt om saka. Regjeringa bør ta seg tid til å vurdere samanhengen med andre initiativ og direktiv som nå kjem frå EU, mellom anna spørsmålet om fri flyt av helsetenester.

Vi vil minne om Soria Moria-erklæringa, der det heiter at regjeringa vil vurdere å bruke reservasjonsretten dersom "vitale norske interesser er truet". Sameleis at norsk veto vil verte vurdert mot et tenestedirektiv "som fører til sosial dumping".

Vi er sterkt uroa for at direktivet nettopp vil føre til auka sosial dumping, eller hindre at effektive tiltak kan setjast i verk. Vi registrerer ei utbreidd uro i fagrørsla for nettopp dette, ikkje minst etter at EU-kommisjonen i ei eiga sak i 2006 fastslo at nasjonal arbeidsrett skal underordnast EU-retten. Vidare er det svært urovekkjande når professor Finn Arnesen, hjå Senter for Europarett, i sin bestilte rapport til Nærings- og handelsdepartementet hausten 2006 slår fast at opphavslansprinsippet framleis er med i direktivet, trass i at sjølv ordet er fjerna. Dette er stikk i strid med det som vert hevda frå offisielt hald. Eit slikt prinsipp vil gjere det nesten umogleg å førestille seg ein effektiv kontroll av utanlandske tenesteytarar som

etablerer seg eller arbeider i Noreg. Vi meiner bevisbyrda ligg på regjeringa, og ikkje på høyringsinstansane. Kan regjeringa garantere at direktivet IKKJE vil føre til auka sosial dumping?

Direktivteksten er også så uklar at viktige avklaringar i politikken truleg vil verte gjort i EF-domstolen, framfor av norske styresmakter. Det vil føre til ei svekking av demokratiet, og ei svekking av folk sin tillit til vårt demokratiske system.

Vi etterlyser ein brei debatt om tenestedirektivet, der også regjeringa og Stortinget tek del. Vi etterlyser folkeopplysing og ei reell vilje til openheit.

Dersom ikkje slike rimelege krav til forsvarlig og demokratisk sakshandsaming av ei så viktig sak vert møtte, vil vi krevje at det vert lagt ned veto mot tenestedirektivet. Dels ut frå kva vi vet om direktivet allereie, dels ut frå føre-var-prinsippet.

For Høyanger Nei til EU

Ingunn Kandal
Ingunn Kandal
leiar